



## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 28. august 2019

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Fylkestinget 10. desember 2019

I fylkesutvalet sin møtebok av 19. juni 2019 står det mellom anna:

*«Fylkesrådmannen legg fram eit inviterande notat for fylkesutvalet 28. august om opplegget for fylkestingsseta 10. desember.»*

Dette blir det siste fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tingseta vil bli halden på Quality Hotel Sogndal pga. ombygginga på Fylkeshuset. Tingseta vil bli halden på 1 – ein – dag (tysdag), men det blir lagt opp til overnatting (til onsdag) pga. aktivitetar også tysdag kveld. Skissa under er drøfta i fylkesrådmannen si leiargruppe.

#### Tysdag 10. desember:

11.45: Oppmøte (ev. innsjekking)

12.00: Felles lunsj

13.00: Møte i fylkesutvalet

13.30: Gruppemøte (ca. tid)

15.00: Fylkesting (med innlagt matbit undervegs)

- Opning
- Kulturinnslag, dei nye distriktsmusikarane, folkemusikk (20 min)
- Fylkeskulturprisen for 2019 (20 min)
- Sakshandsaming
- Sogn og Fjordane fylkeskommune i eit historisk perspektiv. Føredrag ved ein frå prosjektet «Soga om Sogn og Fjordane» (30 min).
- Korleis utvikle Sogn og Fjordane innafor nye Vestland fylkeskommune? Føredrag v/..... (30 min).
- Takk for meg. Fylkesordførar Jenny Følling (10 min).
- Takk for meg. Fylkesrådmann Tore Eriksen (10 min).
- Avslutning.

18.00: Til disposisjon for partigruppene

20.00: Felles middag.

21.30: Leikanger mannskor underhald.

22.00: Partigruppene, inkl. «administrasjonspartiet», underhald.

#### Onsdag 11. desember:

Frukost, utsjekking, avreise

**Eg ber om fylkesutvalet sine ev. merknader.**

**Eg ber fylkesutvalet særskild vurdere om vi skal invitere spesielle gjester.**